



JÆGEREN ODD ARNE HOMMO
Raulandsvegen 563

3890 VINJE

Delegert sak nr. 17/73

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
GRETEBR	2016/2170	1948/2017		18.01.2017

Svar på søknad om løyve til å utføre leigekøyning som næring

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad 16.01.2017
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*, LOV-1977-06-10-82
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*, FOR-2015-07-14-898
- *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119*

Bakgrunn:

JÆGEREN ODD ARNE HOMMO 916 210 868 har 16.01.2017 søkt om **transportløyve** – løyve til å utføre leigekøyning som næring. Det er søkt om løyve til køyning i Vinje/Øyfjell.

Vurdering:

JÆGEREN ODD ARNE HOMMO 916 210 868 har innfridd dei krava som gjeld ved løyve til å utføre leigekøyning som næring, fastsett i kommunens *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Løyvehavar vil utføre oppdrag i Vinje/Øyfjell.



Einingsleiar sitt vedtak:

JÆGEREN ODD ARNE HOMMO 916 210 868 sin søknad om løyve til å utføre leigekøyning som næring av 16.01.2017 blir innvilga i Vinje/Øyfjell.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet medfører ei plikt til å ta dei transportoppdraga som det er etterspurnad etter. Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll. Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjevaren, kontaktinformasjon til oppdragsgjevaren og målpunkt/avreisestad for transporten.

Løyvehavar skal innan 15. juni kvart år sende ein rapport til kommunen. Rapporten skal innehalde dato, startpunkt og mål for kvart oppdrag. Rapporten skal liggje til grunn for vurdering om fornying av løyvet. Løyvehavar må ha 12 betalte transportoppdrag for å få fornya løyvet.

Vedtaket om løyvet gjeld for fire år frå 18.01.2017, men sjølve løyvet blir utstedt for eitt år om gongen etter at årleg rapport er sendt inn. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyning ulovleg.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke. Køyning skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Toril Nicolaisen /s/
Næringsssjef

Grete Brårmo
konsulent

Kopi til:

Statens naturoppsyn Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM
Telemark politidistrikt Postboks 47 3701 Skien



Transportløyve

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5a

LØYVE TIL Å UTFØRE LEIGEKØYRING SOM NÆRING

Løyvet gjeld for:

JÆGEREN ODD ARNE HOMMO, Raulandsvegen 563, 3890 VINJE 916 210 868 i Vinje/Øyfell.

Løyvet gjeld i høve til å ta på seg transportoppdrag knytt til:

- Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte
- Tilsyn med privat hytte på oppdrag frå eigaren
- Transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- Transport av funksjonshemma
- Transport av ved
- Transport for beitenæring
- Transport som er direkte heimla i lova eller forskrifta eller dispensasjon etter *Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag §6*

Løyvet gjeld til og med 1. mai 2017.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet medfører ein plikt til å ta dei transportoppdraga som det er etterspurnad etter
- Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjevaren, kontaktinformasjon til oppdragsgjevaren og målpunkt/avreisestad for transporten
- Transportoppdraga skal rapporterast til kommunen innan 15. juni
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll.
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.